

1. TRINN - VEKE 10

Praktisk informasjon:

- ★ Håpar at alle har hatt ein fin vinterferie! 😊
- ★ Linn får studentar denne veka og to veker til. Denne gongen er det fire studentar, dei heiter Marius, Tobias, Anna og Deborah. Det blir spennande å ha dei her.
- ★ Den nye timeplanen gjer at det er bibliotekstime for heile trinnet på onsdagane. Det vil seie at biblioteksbøkene må leverast inn seinast onsdag dersom dei skal låne ny bok.
- ★ På baksida av timeplanen er det eit matematikkspel som de kan spele om de vil øve på forskjellen mellom to tal.

Dersom det er noko de lurar på, er det berre å ta kontakt i Vigilo.
Helsing Amalie, Celine, Linn, Marthe, Sofie og Sanna



HEIMEARBEID

Måndag 2. mars	Tysdag 3. mars	Onsdag 4. mars	Torsdag 5. mars
Salto lesebok s. 56-57	Salto lesebok s. 56-57	Salto lesebok s. 58-59	Salto lesebok s. 58-59
Vekeleke i matematikk: Jobb med Multi øvebok s.79 . Viss du vil kan du gjere s. 78, 80, 81, 82 og 83 også.			
Mål for veka			
Matematikk: Eg kan rekne med pengar.			
Norsk: Eg veit kva ei gåte er.			
Sosialt: Eg kan spørre om å få bli med i leik på ein god måte.			



UNDER BRIKKA

- 2 spelarar
- 24 brikker

Reglar:

- Legg ei brikke oppå talet i alle rutene, slik at ingen av tala er synlege.
- Etter tur skal spelarane fjerne to brikker og finne forskjellen mellom dei to tala som kjem til syne. Viss svaret er rett, beheld spelaren dei to brikkene. Viss svaret er gale, legg spelaren dei to brikkene tilbake.
- Fortsett til alle brikkene er fjerna. Vinnaren er den som har samla flest brikker.

